



PRAKTISK INFORMASJON VEDR BYGGING/OMBYGGING.

Me går no endeleg i gang med nybygginga/ombygginga av skulen. Dette vil føre til ein del praktiske endringar for alle involverte. Me har venta med å informere så lenge som mogleg om det praktiske, då det er vorte gjort justeringar «heile vegen».

Skuleplassen vert stengd frå parkeringsplassen v/»vidaregåande» og bort til inngang ved samfunnsbygget og inngangen som 5.-7. klasse nyttar. På grunn av «anleggstrafikk» skal elevane ha tilkomst til skuleområdet frå «barnehagesida». Busstoppen er som før, men elevane må gå bort gata, og inn/ut av skuleområdet mellom skulen og barnehagen.

Frå og med onsdag 22. april vert det fylgjande endringar:

- Alle elevar skal nytte «inngang» til skuleområdet frå barnehagesida. Det vert lagt til rette for sykkelparkering der.
- 10. klasse har klasserommet sitt i «vidaregåande». Dei nyttar hovudinngangen der.
- Det vert laga ein gangsti bakom skulebygget(der 3.-9. klasse held til)
- Elevar i 8.-9. klasse skal nytte same inngang/utgang til skulebygget som 5.-7. klasse.
- Bilparkering for tilsette/foreldre/gjester vert som før.
- Foreldre som hentar /leverar elevar i skuletida og før/etter skuletid gjer det ved «Billaget»!!!
- Levering/henting på SFO må gjerast frå «barnehagesida».
- Elevar som må køyrast så nær skulen som mogleg td pga av skade, skal hentast/setjast av på «barnehagesida». Elevdrosjar kjem der.
- Varelevering/bostøemming vert gjort frå «barnehagesida».
- Kunst og handverk-undervisninga vert der den er, men med inngang frå Samfunnsbygget.
- Helsesyster og PPT vil ha kontor i «vidaregåande(adm-fløyen)»
- Biblioteket er på plass i kantina, og ein må nytte inngang på nedsida mot Tang.
- Alle rom i 1.-2. etasje i Fellesbygget(møterom, auditoriet, klasserom, tidl bibliotek, toalett) vert stengt.

Så fort det vert endringar, så informerar me om dette på skulen si heimeside.

Dersom det er spørsmål – ta kontakt!

Me skal ha ein god og trygg skule i byggeperioden!

Hafslo, 21.04.15

Kjell Ertesvåg
-rektor-